# Styremøte Vikedal Bygdahus



## Møtereferat

06.05.2024

Møtte: Johannes H. Leifsen, Erlend Nesheim, Håkon Bakkedal, Nils Erik Eide

Møtte ikkje: Tone Helen H. Halleraker, Ina Helmers, Asle Øverland

| ***Sak*** | ***Agenda*** | ***Referat*** | ***Ansvar*** |
|---|---|---|---|
| 12/24 | Referat frå 17.04.24 | Gjennomgang av referat, eventuelle restansar:<br>- Arild ikkje aktuell som vaktmeister<br>Forslag om å etablera eit team av pensjonistar som tek seg av vedlikehald (modell som er i Sveio, Magne Johan Reinertsen) | Johannes |
| 13/24 | Sommarfestival 2024 | På denne saka møtte Sten Jogeir Særsten og Torleiv Eide frå Båtforeininga.<br><br>Vidare diskusjon om VBH vil arrangera Sommarfestival saman med Båtforeininga. Forslag til dato: 6. juli 2024, det er ok for Båtforeininga.<br><br>Båtforeininga er i dialog med Rootsen om leige av mindre telt i tilfelle regn. Opprette dialog med Vertshuset og Kroå om dei vil ha "ventearrangement" før pubkvelden?<br><br>Starte enkelt, ny oppstart på Sommarfestivalen i Vikedal. Båtforeininga tek seg av hamna og bygdahuset arrangerer pubkvelden på bygdahuset. To band/artistar, 21.00 og 23.00?<br>Underhaldning Kaptein Hjørnetann, VUL i havna hadde vore kjekt for barna. Salsboder. Matboder ved bygdahuset om kvelden? Pubkomiteen må engasjerast.<br><br>Marknadsføring, involvere pubkomiteen. Må lande program i løpet av 14 dagar, artistar kan jobbast med. Ina kan kanskje lage forslag til plakat? Då må den gamle Sommarfestival-logoen vera med. Elles ha eigen knapp på heimesida til Vikedal Bygdahus og Idrettshall som heiter "Sommarfestival".<br><br>Nytt møte 15. mai kl. 19.00på bygdahuset. | |

| ***Sak*** | ***Agenda*** | ***Referat*** | ***Ansvar*** |
|---|---|---|---|
| 14/24 | Budsjett 2024 | <u>Årsmøtevedtak:</u><br>Årsmøtet gir styret fullmakt til å utarbeida budsjett for 2024 på dei første styremøta etter årsmøtet. Så snart som mogleg skal budsjettet sendast til medlemslaga på e-post til godkjenning.<br>Saka vert utsett til neste møte | - |
| 15/24 | Detaljplan for reforhandling av leigeavtalar med kommune og idrettslag | Det må utarbeidast eit skriv som skal sendast til kommunen og idrettslaget. Avtalar møte etterpå. | Nils Erik |
| 16/24 | Fasaden, idrettshall | Gruppa (Vigleik Bakkedal og Geir Sigve Krokedal) melder tilbake at dei jobbar med ulike alternativ. Dei vil informere styret meir grundig ved seinare høve. | - |
| 17/24 | Ombygging av inngangsparti idrettshall | Vidare plan, kven gjer kva her?<br>Utsetter til neste møte, lage ein plan for å rydde det til slik at det er lettare å parkere. Eige møte om dette. | - |
| 18/24 | Innkjøp av bord og stolar | Saka vert utsett til neste møte | - |
| 19/24 | Ombygging av baren | Forslaget om å bygge om baren kom frå pubkomiteen for ei tid tilbake, styret tek kontakt og utfordrar pubkomiteen til å kome med vidare plan for dette. | Johannes |
| 20/24 | Oppgradering kjøkken | Ny industritopp og eventuelt moglegheit for kiosksal på kampar<br>Saka vert utsett til neste møte | - |
| 21/24 | Defekt dør i hallen | Utsett til seinare møte til vaktmeister er på plass. | |
| 22/24 | Jubileumsfest 2024 | Bygdahuset er 25 år i 2024, komite for dag og kveldsarrangement?<br>Det bør opprettast ein komité som fordeler oppgåver seg i mellom. Gjere som på landsstemnet NMK med mat i idrettshallen og dans på bygdahuset?<br>Blanding av unge og eldre. Styret tenkjer på eventuelle namn til komiteen.<br>Aktuelle datoar for festen: 5. eller 19. oktober? Når denne er stempla så må me markedsføra arragementet. Det må lagast ei liste over personar som skal få invitasjon, påmelding elles.<br>Me tek opp saka på eit seinare møte. | - |
| 23/24 | Gåvefond/sponsorar | Saka vert utsett til neste møte | |
| 24/24 | Ymse | - Me bør undersøkja om å bli Grasrotmottakar, kan gi god inntekt.<br>- Heimesida/Facebook; desse er no klare, det er viktig å bruke dei slik at folket får gode nyheiter | Nils Erik |

| ***Sak*** | ***Agenda*** | ***Referat*** | ***Ansvar*** |
|---|---|---|---|
| | | om det som skjer eller kva som er mogleg å gjera på huset og i hallen. God ide å slå saman Facebooksidene våre.<br>- Vikedal Ungdomslag har sendt inn spørsmål ang to fakturaer frå bygdahsuet. VUL er største andelseigar og har eigen avtale om at ein kan låne huset til møte og arrangement mot at VUL stiller med lyd og lys til ulike arrangement. VUL kan sjå bort i frå desse to fakturaene, bygdahuset kreditterer.<br>- Det bør sendast skriv til skulen og idrettslaget at dei vaksne må sjekke at alle dører er låste når ein er ferdig med å bruke hallen. Dører står opne på kvelden og det er ikkje bra. Dette må me få ein rutine på slik at ein hindrar at det er ope for alle på ettermiddag og kveld.<br>- Volleyballgruppa vil lage til eit premieskap som dei vil henge opp i foajeen. Ide å lage nisje i garderoben? Ta opp seinare. | Styret<br><br>Asle<br><br>Nils Erik |
| 25/24 | Saker til neste møte | - Budsjett 2024<br>- Ombygging av inngangsparti idrettshall<br>- Innkjøp av bord og stolar<br>- Oppgradering kjøkken<br>- Defekt dør i hallen<br>- Jubileumsfest 2024<br>- Gåvefond/sponsorar<br>- Premieskap i garderonen | - |

**Neste møte: onsdag 15.05.24 klokka 19.00 på Vikedal bygdahus.**

06.05.24

Nils Erik Eide